

Rubbestadnes Yrkeskule gjennom 50 år



Forord

Når vi talar om yrkesskular og yrkesopplæring i Noreg, er 50 år ei bra lang tid. Det er semje om at ikkje nokon historisk periode har bydd på større og raskare endringar i samfunnslivet, enn tida etter 2. verdskrigen. Yrkesopplæringa i landet vårt har gått gjennom ei veldig utvikling, og Rubbestadnes Yrkesskule si historie er med og speglar denne utviklinga.

Ved slike høve som eit jubileum, kan det vera rett å sjå attende, og tenkja litt over den innsatsen som er lagt ned gjennom åra av dei som arbeidde før oss.

Dette vesle skriftet har kome til i respekt for den store innsatsen som er lagt ned i skulen på Rubbestadneset. I si tid ein sær sars viktig institusjon, for eit overraskande vidt omland. I dag må nok Rubbestadnes Yrkesskule finna seg i å vera mellom dei mindre vidaregåande skulane i Hordaland, men vi talar om ein høgst vital 50-åring. Med sine særskilde kvalitetar er truleg skulen liv laga i mange år frametter.

Svært mange personar, bedrifter og alle slag samfunnsaktørar elles har hatt mykje å seia for utviklinga til skulen.

Eit slikt lite hefte som det du held i handa no, kan sjølv sagt ikkje gi stor nok merksemd til alle desse. I historiske gjennomgangar er det alltid fare for at noko kan verta feil, og vi reknar med at heller ikkje dette skriftet er feilfritt. Når lesaren derfor kanskje finn feil eller mangelfulle opplysningar somme stader i heftet, ber vi om orsaking for dette. Vi har heller ikkje sett oss i stand til å få med komplette lister over alle som har vore elevar ved skulen.

På denne plassen skal det rettast ei stor takk til tidlegare rektor Sverre Sætre, som har samla og sett i system opplysningane som er teikna ned i heftet. Sverre har vore rett mann på rett stad i dette arbeidet!

Vi vonar at alle som kikkar i heftet, både tidlegare elevar og tilsette, og dei som no har sitt daglege arbeid på skulen, vil finna noko av interesse her. Minne vil truleg verta vekte opp, og samtalar og diskusjonar vil blomstra. Når dette skjer, er målet nådd for oss som står bak heftet.

September 2000
Festkomiteen

INNHALD

Rubbestadnes Yrkesskule gjennom 50 år,.....	3
1 Skuledrifta i perioden 1950 til 1962. Grunnlag for vekst	5
2 Perioden frå 1962 til 1977. Nybygg og omfattande ekspansjon	10
3 Perioden frå 1977 til 1993. Ny lov om vidaregåande opplæring	14
4 Perioden frå 1993 til 2000. Nye utfordringar	16

VEDLEGG

Personaloversikt for Rubbestadnes Yrkesskule frå 1950 - 2000 ved skulen i Rubbestadneset	20
Personale ved kursstadane på Svortland, Etne, Kvinnherad, Fjell, Tysnes, Stord og ved Bømlotunet	24
Personale ved vaksenopplæringssentra på Kolltveit og Stord.....	26
Klassar Rubbestadnes Yrkesskule har hatt frå 1950 - 2000	27
Filialklassar	26
Vaksenopplæringskurs ved Stord Verft.....	29
Vaksenopplæringskurs ved Kolltveit	30
Syssetjingskurs/vaksenopplæring/oppdragsverksemd	28

Rubbestadnes Yrkesskule gjennom 50 år

Forfattar: Sverre Sætre

Foto: Rubbestadnes Yrkesskule,
Sigve Sæverud

Sats og layout: Sæverud Reklame tlf. 53 42 70 00

Trykk: Nils Sund Trykkeri

Opplag. 400

RUBBESTADNES YRKESKULE GJENNOM 50 ÅR

I tida under og like etter 2. verdskrigen hadde Motorfabrikken på Rubbestadneset stor pågang etter læreplassar, og hadde mange lærlingar. Ein kommunal lærlingskule vart starta i 1943. Men etter-spørsele etter læreplassar auka stadig, og det var lange ventekøar. Spesielt hadde skipsfartsnæringa stor trong for å senda aspirantar i arbeid i mekaniske verksemder. Arbeidet gjorde aspirantane kvalifiserte for maskinistsertifikat.

Trongen for fagfolk i mekaniske- og elektrofag auka etter som næringslivet ekspanderte i etterkrigsåra, og nøkkel-personar i næringsliv og kommunar i distriktet var opptekne av å få yrkesopp-læringa effektivisert, og samla i eit skule-miljø. Idéen om oppretting av ein yrkes-skule på Rubbestadneset tok etter kvart form.

Det første planleggingsmøtet

Rubbestadnes Yrkeskule vart såleis planlagt og bygd ved eit samarbeid mellom firma M. Haldorsen & Sønner, og kommunane Bremnes, Moster, Bømlo og Fitjar. Etterkvart kom også Stord og Tysnes med. Første planleggingsmøte var i august 1946.

Den 8. august 1946 var ordførarane og andre representantar frå kommunane



Internat og bustad medførte også klesvask på snor. Stord og Stokksundet i bakgrunnen.

Bremnes, Fitjar, Moster og Bømlo samla. På møtet var òg representantar frå firma M. Haldorsen & Sønner på Rubbestadneset, og saka dei drøfta var mogeleg oppretting av ein yrkeskule på Rubbestadneset. Idéen kom nok i stor mon frå Motorfabrikken på Rubbestadneset.

I prosessen fram mot opning av skulen var det mange som gjorde ein stor innsats, men som ein historisk kuriositet bør nemnast dei som møtte på dette første møtet: ordførarane Øysten Steinsvåg frå Bremnes, Berje Aarbø frå Fitjar, Ludv.

Amundsen frå Bømlo, og Lars L. Grønås frå Moster. Ordføraren på Stord var også innkalla, men kunne ikkje møta.

Dei andre representantane på møtet skal også nemnast her. Frå Moster møtte Magnus Stokka og P. Nonås, og frå Bømlo Kr. Å. Lønning. Frå firmaet M. Haldorsen & Sønner møtte kontorsjef Ola Olsen, verksmeister Halfdan Endresen, fabrikk-eigar Lars Haldorsen, teknikar Kr. Haldorsen, og formann Brigte Madsen.

Det første skulebygget

Det første skulebygget stod ferdig i 1950. Det hadde ei total grunnflate på om lag 1200 m² og inneheldt 3 skuleverkstader, 2 teorirom, internat med plass for 34 elevar, og styrbustad. Bygget var delvis oppført av tyskerbrakker, men hadde etter tida likevel bra standard. Romma var lyse og trivelege, og bygget låg plassert fint i terrenget med utsikt over Nyleia og store deler av Sunnhordland. Det første året var skulen interkommunal og eigd av dei nemnde kommunane, og motorfabrikken på Rubbestadneset. Frå og med skuleåret 1951/52 vart skulen overteken av Hordaland fylke.



Skulen sett frå søraust i 1950.

Ordningane for styring av skulen
 Skulen sitt overstyre var Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Som rådgivande organ arbeidde Yrkesopp-læringsrådet for håndverk- og industri. Det første året hadde skulen eit lokalt styre. Frå 1951, då Hordaland fylke vart eigar, og fram til 1961, hadde skulen eit lokalt styre med representantar frå kommunane, departementet og yrkesorganisasjonane.

Skulen sitt mål

Skulen har heilt sidan starten hatt som mål å gi utdanning i handverks-, industri og servicefag, i samsvar med dei krav som arbeidslivet stiller til kvar tid. Skulen skal gi elevane både allmenn kunnskap og yrkeskunnskap, utvikle arbeidsevna deira og innøva dugleik,



Nyeskulen sett frå nordvest.

gode arbeidsvaner, flid og orden, og gi dei lever i og medverka til den sosiale, etiske, estetiske og fysiske oppsedinga deira. Skulen skal orientera elevane om det samfunnet

	 ODDF. SIVELAND Lærarar	 SVERRE ENGLAND Lærar, Maskinlærar	 ROLV H. SKJERVE Styresjef og Lærar	 ANDREAS FEIBY Lærarar	 SVERRE WEDDE Lærar, Elektrikar				
 FINN MERUS Eksperim.	 ANTIN VIK Sjef, - Ans.	 PER HEGGSET Elevlærar	 OLAV HEGGSET Elevlærar	 JENNY STYLAND Elevlærar	 PER HØYEM Elevlærar	 BERNT HEGGSET Elevlærar	 SVERRE BLUM Elevlærar	 ERIK SOLBERG Faktor, Skole	
 LEIF GULL Elevlærar	 ALF GJERDINGEN Maskinlærar	 OTTAR ANELLUND Maskinlærar	 ALFRED SIVELAND Maskinlærar	 ARNE FJELL Elevlærar	 ARNE TORSVIK Elevlærar	 HALVARD SÆVI Elevlærar	 OLAV PETRUS Elevlærar	 PER HESSE Elevlærar	 LARS LOTAR Skole
 ARNE SIVLAND Skole	 TORALD GUNNARVIK Elevlærar	 MARTIN ANDERSEN Elevlærar	 BERNT SIVELAND Elevlærar	 PER BORGE Elevlærar	 SVERRE SIVELAND Elevlærar	 ODD GJERDINGEN Elevlærar	 EINAR AAS Skole	 ARNE SANDHAUGEN Elevlærar	 LEIF HEGGSET Skole
 NILS-EDVARD FRANTZEN Elevlærar	 ARNE FJELL Elevlærar	 BERNT AAS Elevlærar		 EINAR HEGGSET Elevlærar	 KARL STENOVIC Elevlærar	 ARNE HEGGSET Elevlærar			

RUBBESTADNES YRKESKULE 1950-51.

1. SKULEDRIFTA I PERIODEN 1950 TIL 1962.

GRUNNLAG FOR VEKST



Rolf Skjærpe, rektor 1950 - 1962

Rolf Skjærpe vart tilsett som skulestyrar/rektor i 1950.

Skulen vart innvigd 5. september 1950, og undervisninga tok til den 12. september med 34 elevvar i tre klassar :

- 1 grunnleggjande mekanikarklasse
- 1 grunnleggjande elektrikarklasse
- 1 vidaregåande motormekanikarklasse

Skjærpe og familien hans budde dei første 5 åra i styrarbustaden (60 m²) i skulebygningen, vegg i vegg med elevane sine internatom. Han hadde såleis ikkje berre ansvaret for sin eigen familie, men også for dei 34 elevane – meir eller mindre døgeret rundt. Med 34 ungdomar i huset går ikkje alt like roleg for seg, det vert song og musikk, og alle slag aktivitetar. Men han fekk god kontakt med elevane, og skulen hadde eit godt og

triveleg miljø. Ved frukostbordet vart det halde ein liten morgonandakt. Lærarane støtta lojalt opp. I fritida laga elevlaget og lærarane til festsamkomer, gjerne saman med andre skular.

Elevane var arbeidssame og sette pris på å få lærdom i dei ymse fagområda. Om lag halvparten av undervisningstimane var praktisk arbeid.

Teoriundervisninga følgde lærlingskulen, og grunnleggjande kurs las eit pensum tilsvarande 1. og 2. klasse lærlingskule. Den grunnleggjande elektrikarklassen nytta i fleire år såkalla B-plan, som dekte teoripensumet for 3-årig lærlingskule.

Motormekanikarklassane som var vidaregåande (2. året), hadde teoripensum



Elevane på mekanikarlina 1955-56 saman med lærar Sverre Erslund.

tilsvarende 3-årig lærlingskule, med tilleggstimar for å dekkja pensum for 3. klasse maskinisteksamen ved Bergen Maskinistskule. Frå 1960 fekk desse elevane avleggja eksamen ved Rubbestadnes Yrkesskule.


Skulevardagen

Å utøva eit yrke var ei æressak. I skuleverkstadene utførte mekanikarane ei obligatorisk øvingsrekkje, i tillegg til valfrie øvingar. Motormekanikarane utførte motorreparasjonar og laga m. a. 6 hk Wichmann oppfyringsmotorar, og vassbremsar. Elektrikarane hadde også obligatoriske øvingar, dei utførte elektriske installasjonar, og vikla om elektromotorar. Det utførte praktiske arbeidet hadde ein høg fagleg standard, og ved slutten av skuleåret var det utstilling, og også sal, av elevarbeid.


Skulen hadde ikkje gymnastikksal. Elevane fekk ikkje kroppsovingstimar før i 1959, då skulen tok til å leiga gymnastikksal i folkeskulen på Rubbestadneset. Skuleverkstadene var etter standarden på denne tida godt utstyrt med maskinar og verktøy, noko kjøpt inn brukt, og noko nytt.

Administrasjon

Det daglege administrative arbeidet, kontorarbeidet og vaktmeisterarbeidet måtte i stor grad utførast av rektor. I den første tida var det tilsett ein kasserar på deltid, og ein revisor.



6 hk oppfyringsmotor laga på motormekanikarlina.



Vassbrems laga av elevane.



Elevarbeid frå 1950.



Tilsette på internatet (frå venstre): Marie Opedal, husmor Gudrun Hansen, Ingrid Grutle, Anne Lise Mæland og Anne Karin Steinsbø.

Skulen førte eigen rekneskap, og hadde alle inn- og utbetalingar.

Kontorutstyret var mekanisk skrivemaskin og reknemaskin. Ein spritduplicator tente som kopimaskin. Mykje av kontorarbeidet var handskrive.


Først i 1959 fekk skulen tilsett vaktmeister og kontorassistent.

I 1961/62 hadde skulen ni klassar med 81 elevar. Modellsnikkarklassen hadde berre ein elev.


Nytt internatbygg

I 1957 stod nytt internatbygg ferdig, og vart teke i bruk. Huset har internatfløy, mellomfløy og økonomifløy, og har ei total golvflate på 1912 m². I internatfløyen var det opphøveleg planlagt plass til 70 elevar, men i første omgang vart det berre innreidd 28 tomannsrom.

Etter ombygging har det på det meste vore 39 tomannsrom, med plass til 78 elevar. Mellomfløyen inneheld fritidsrom



Det sosiale er viktig på internat!



Internatet byrjar ta form i 1956.



Elevar på motormekanikarlina. Lærar Albert Raknes til venstre. Internatet i bakgrunnen.

Internatet under bygging i 1956/57. Rektor-
bustaden nærast internatet.



og daglegstove, og i økonomifløyen er det kjøkken og stor, fin matsal for elevane. I økonomifløyen vart det også laga til husvære for husmor og kjøkkenpersonale.

Internatet var eit staseleg bygg, som gav gode butilhøve for elevane. Og trongen for tilbodet var stor. Kommunikasjonane med omverda var enno dårlege, og elevane kom frå ymse stader i Hordaland, men også frå Rogaland. Dei budde derfor i internatet heile året, utanom jule- og påskeferiane.

Det var først og fremst rektor og husmor som hadde tilsyn med internatet. Men å halda like god kontakt med elevane som i gamleskulen, var vanskeleg. Dei sosialpedagogiske oppgåvene var, spesielt for rektor, ei ekstra bær i arbeidet. Lærarane hjalp til med m. a. å delta under måltida. Det vart også arrangert ymse hobby- og fritidskurs, som lærarane tok på seg å halda utan godtgjersle. Elles gjekk internatdrifta stort sett som i gamlebygget.

Då internatet vart teke i bruk, gav dette rom for ein ny plate- sveis- og konstruksjonsklasse, og ein rørleggjarklasse. Det vart òg oppretta parallellklassar for mekanikar og elektrikar.

Tenestebustader

I 1955 bygde Skjærpe seg nytt bustadhus. Tomta grensar opp mot internattomta, og då Skjærpe slutta i 1962, kjøpte skulen bustaden.

Det vart også oppført ein lærarbustad med 2 husvære som vart innflytta i 1960, og eit liknande bygg stod ferdig i 1967. Skulen hadde etter kvart fått utvida tomtearealet sitt til omlag 40 dekar.



Frå elektrikarverkstaden med lærar Sverre Wedøe til høgre.



Rektorbustaden bygd i 1955. Hybelhus frå 1985.



Lærarbustader oppført i 1960 og 1967. Den eine bustaden kan skimast bak trea til venstre.

2. PERIODEN FRÅ 1962 TIL 1977. NYBYGG OG OMFATTANDE EKSPANSJON



Sverre J. Wedøe var 31 år ved skulen.
Rektor 1962 - 1977

I 1962 overtok Sverre J. Wedøe som rektor etter Rolf Skjærpe. Framleis var Kyrkje- og undervisningsdepartementet skulen sitt overstyre, og Yrkesopplæringsrådet var rådgjevande organ. Men frå 1961 vart Fylkesskulestyret i Hordaland skulen sitt styre, og i 1962 vart det oppretta eit skuleutval på 6 medlemmer, felles med Norheimsund yrkesskule. Etter nyordning i 1972 fekk skulen eit eige utval på 5 medlemmer.

Nytt motormekanikarbygg

I 1961/62 vart det oppført nytt motormekanikarbygg. Dette bygget hadde ei total golvflate på 1240 m², og fekk 3 store lyse verkstader som skulle hysa motormekanikarklassane og ny klasse for maskinistaspirantar. Innflytting i bygget var seinhaustes i 1962, og drifta gjekk for fullt frå januar 1963.

Filialklassar og vaksenopplæringsentra

I åra frå 1961 og frametter vart det oppretta ei rekkje filialklassar over eit stort

område. Dei fleste klassane var grunnkurs i mekaniske fag, og husstellfag. Dette vart årsak til mykje administrativt tilleggssarbeid, særleg for rektor.

Skulen hadde fialiaklassar på følgjande stader:

Alversund, elektro 1961-62.

Bremnes (no Svortland),

mekanikar 1961-79, husstell 1972-79.

Stord Verft, mekanikar 1963-73.

Sagvåg, husstell 1970-73.

Stord, teknisk assistent 1970-73.

Etne, mekanikar 1961-70.


Kvinnherad, mekanikar 1961-76.

Tysnes, mekanikar 1962-81,
husstell 1973-81.

Knarrevik i Fjell, mekanikar 1962-72.

Dessutan arrangerte skulen ei rekkje sysselsetjings- og vaksenopplæringskurs rundt om i distrikta.

Rubbestadnes Yrkeskule administrerte også vaksenopplæringssentra ved Stord Verft frå 1960 til 1975, og på Kolltveit i Fjell frå 1962 til 1972.



Elev og lærar Ole Martin Meling i maskineringsverkstaden.



Syarbeid i ein hustellklasse.

Lærarane ved filialklassane, og også lærarane frå vaksenopplærings-senteret i Fjell, hadde årlege møte saman med lærarane på Rubbestadneset.

Både filialklassane og vaksenopplærings-sentra vart overført til andre yrkes-skular/vidaregåande skular, ettersom desse etter kvart vart bygde i dei ulike regionane i fylket.

Internatet

I den tida Wedøe var rektor ved skulen, hadde internatet stort sett fullt belegg kvart år. Det var framleis først og fremst rektor, husmor og inspektør som hadde hovudtilsynet med internatelevane.

Lærarane hjelpte til ved måltida, og utførte anna tilsyn. I 1968 fekk skulen tilsett internat- og fritidsleiar, og i 1973 vart det tilsett nattevakter som ei fast ordning.

Elevane som budde i internatet var ikkje berre til belastning for dei som hadde ansvar for tryggleik og orden. Det vart også mange hyggjestunder. Festsamvær vart arrangert i matsalen, og daglegstova og fritidsrommet måtte i einskilde høve også takast i bruk for å gi rom til arrange-



Interiøret i motormekanikarbygget i 1964. I dag verkstad for grunnkurs mekaniske fag.

menta. Elevrådet og lærarane, saman eller vekselvis, arrangerte desse kveldane med foredrag, sketsjar, opplesing, song og musikk.

Det var ikkje alltid like lett å få fatt i ein god foredragshaldar. Som ein festleiar sa under ei opning: «Det har vore uråd å få foredragshaldar, så me måtte få presten». Ein av elevane hadde trekkspel og drog

opp ein smektande vals. Ein eldre herre var synleg ille berørt. At slik musikk kunne framførast med presten tilstades? Bevertning hørde med til desse kveldane.

Elevane hadde si eiga skuleavis kalla «Skrustikka». Gjennom «Skrustikka» fekk elevane uttrykt både skjemt og alvor. Lærarane følte seg nok ofte ille til mote når elevane las opp utdrag frå avisa.



Rabnes har no gitt ut boka: „Sportsfiskernes liv på
Sunnfjorden“ kjøp den, det dumsikkert blir til bli i sin
julegave. Pris: kr 9,99

Ersland har no utgitt bøkene: „Svensk metallurgi“ kr 5,40
og „Fisking för og no.“ 4de opplag ¹⁹⁶⁸ Både bøkene er skrivne
på nynorsk.

Sævi har utgitt boka: „Komposisjonsforhold för og no.“ Pris: kr 2,80

Karsten har utgitt bøkene:

„Økonomisk rykting“ kr 2,15

„Nåkonomisk rykting“ kr 2,15



Maskinering krev stor innsikt.



Dreining av veivaksel krev kompetanse og nøyaktighet. Skuleåret 1967/68.

Nytt bygg for plate-sveis og konstruksjonsline og røyrleggjarline

Bygget stod ferdig og vart innflytta i 1973. Verkstadfløyen hadde stor ny plate-sveis- og konstruksjonsverkstad på eitt golv, røyrleggjarverkstad over 2 høgder og dessutan eit sårt tiltrengt motorlaboratorium. Total golvflate er 1173 m².

Teori- og administrasjonsfløy

Teori- og administrasjonsfløyen har ei total golvflate på 1030 m², og fekk rom for bibliotek, 4 kontor, rom for fysikk og kjemi, 2 teorirom og 1 teiknesal.

Dessutan lærarrom og førebuingssrom, og grupperom. Desse utbyggjingane gjorde skuleanlegget meir tenleg etter krava i tida, og opna for ny ekspansjon i elevtal.

Turnhallen

Frå 1959 til 1972 leigde skulen gymnastikksal i folkeskulen, men i 1972 vart det skriva avtale med Rubbestadnes idrettslag om leige av den nyleg oppførte Turnhallen til kroppsoving og andre aktivitetar, både til undervisning og fritid. Når alle elevane ved skulen skal samlast, skjer dette i Turnhallen. Hallen er såleis å rekna som ein del av skulen.

Vidaregåande kurs vert oppretta

Fram til 1967 hadde skulen, utanom motormekanikarlina, berre grunnkurs. Dette året vart det oppretta vidaregåande kurs 1 for maskinarbeidar. I 1971 vart



Bygg for plate, sveis og røyr tatt i bruk i 1973. I dag brukt til maritim opplæring.



Elevlar i intens konsentrasjon om arbeidet.




Frå elektrikerverkstaden. Lærar Birger Hol-
lund og to elevlar.

vidaregåande kurs 1 for elektriker opp-
retta.

I ein periode frå 1970 til 1976 vart det
halde 3 toårige deltidskurs for tekniske
assistentar (elementærteknisk skule på
deltid).

Elles dekte skulen etterspurnaden etter
plassar i 3. klasse lærlingskule, kurs for
fagprøve, og andre aktuelle oppdaterings-
og etterutdanningskurs.

I skuleåret 1976/77 hadde skulen på
Rubbestadneset 12 klassar, med 138
elevlar.



Røyrleggjarar i sving 1967/68.



Turnhallen vart bygd i 1972 og er blitt leigd som gymsal siden. Hallen (t.v) ligg like ved skulen og i tilknytning fotballbanen som også skulen disponerer.

3. PERIODEN FRÅ 1977 TIL 1993. NY LOV OM VIDAREGÅANDE OPPLÆRING



Rektor Sverre Sætre var 31 år ved skulen.
Inspektør 1967-1977. Rektor 1977 - 1993

I 1977 vart Sverre Sætre tilsett som rektor. Ny lov om vidaregåande opplæring vart sett i verk frå 01.01.76. Denne lova medførte store endringar i skuledrifta.

Administrasjonsressursen vart tildelt skulen i høve til talet på klassar. Administrative stillingar var enno normerte, men ein kunne oppretta hovudlærarstillingar ut frå skulen sine egne behov, og elles bruka administrasjonsressurs til spesielle føremål, t.d. verneleiar. Det kom nye undervisningsplanar for kvart fag. Alle ungdomar mellom 16 og 19 år skulle inn i skulen. Ein fekk tilsett studieinspektør og rådgjevar, og fekk tilgang til pedagogisk/psykologisk teneste. Frå 1977 til 1992 hadde skulen tilbod til elevar i ein førebuaende klasse.

Kvinner kjem inn som elevar. Nye ordningar i styringa av skulen

Fram til skuleåret 1980/81 var skulen ein rein «mannfolkskule». Men i 1981 kom den første jenteeleven. Talet auka til 18 i

skuleåret 1988/89, men har seinare minka ein del att.

Nytt skuleutval vart oppretta i 1976. Utvalet hadde 5 medlemmer; 2 oppnemnde av fylkeskulestyret, 2 frå lærarane, 2 frå elevane og 1 frå andre tilsette

I det nye skuleutvalet hadde dei tilsette fleirtal. Dette var nytt, og førte til at skulen vart nokså regelstyrt. Berre ubetydelege avgjerder vart tekne på skulen. Det var såleis viktig for rektor å ha god kommunikasjon med fylkesskulesjefen sitt kontor.

Frå 1981/82 overtok Fylkeskasseraren rekneskapsføringa for skulen. Alle bilag måtte sendast til fylkeskasseraren, og det vart då rekneskapsføring både på skulen og i fylket.

Fleire vidaregåande skular vert bygde i Hordaland

Nye moderne vidaregåande skular vaks opp i regionane i fylket. Dette førte til større konkurranse om elevane, men Rubbestadnes Yrkesskule heldt stand, og vart vidareutvikla. Den siste filialklassen, Tysnes, vart overført til Os yrkesskole i 1981.

Frå 1983 til 1991 hadde skulen 2 spesialklassar for utviklingshemma elevar ved Bømlo-tunet.

Etter kvart kom det nye fagplanar både for grunnkurs og vidaregåande kurs, med ein annan karakter og oppbygging enn dei gamle planane. Fornyng av tradisjonelt verkstadutstyr minka av, og data- og laboratoriestyr tilpassa dei ymse linene kom inn.



Elevarbeid frå tidlegare tider vart samla og sett i monter på 80-talet.



Rubbestadnes Yrkeskule og dei næraste naboane i 1986.

Talet på vidaregåande liner aukar

Skulen fekk fleire vidaregåande liner. Det vart oppretta vidaregåande kurs I i røyrleggjarfag, mekaniske fag, og automatikarfag. I samarbeid med Bergen maskinistkole utarbeidde skulen fagplan for vidaregåande kurs II drift- og vedlikehald offshore. Lina vart oppretta med store forventningar, men vart avvikla etter 4 år p.g.a. for liten elevsøknad.

Maskinarbeidarlina vart utvida med eit 3. år. Det vart kjøpt numerisk styrt dreiebenk og programmeringsutstyr til denne lina. Elevane var ein del utplassert i industrien, og avslutta vk II-kurset med fagprøve på skulen.

Eigen maskinistkule

Skulen fann etter kvart ei nisje i studieretning for sjøfartsfag. Motormekanikarlina vart tilpassa krava til full verkstadopplæring for maskinistsertifikat. Det vart oppretta grunnkurs i sjøfartsfag. Frå 1976 hadde skulen eksamensrett for maskinistfag, og var dermed eigen maskinistkule. Maskinistopplæringa vart lagd inn under internasjonal konvensjon STCW, der den teoretiske utdanninga gjekk over 2 år.

Frå 1980 gjekk det halvårige 2. klasse maskinistkurset over til 1-årig VKII maskinlinje, og frå 1990 fekk skulen godkjenning på å starta opp VKIII maskinlinje, og kunne då gi full maskinistutdanning fram til maskinsjefeksamen.

Leigde lokale

Frå 1985 til 1989 leigde skulen undervisningsrom for plate-, sveis- og stålkonstruksjon i den tidlegare HSD-terminalen på kaien i Rubbestadneset. I den gamle folkeskulen i sentrum hadde m.a. grunnkurs sjøfartsfag undervisningsrom frå 1985 til 1987. Både på kaien og i gamle folkeskulen var det livlege klassar som heldt til, og dette stilte store krav til lærarkreftene.

Internatet

Fram til 1985 var det stor pågang etter internatplassar. Til dei vidaregåande kursa fekk skulen no fleire godt vaksne elevar, som ønskte å bu for seg sjølve. Til dette føremålet vart rektorbustaden innreidd til hyblar, og fungerte så som anneks til internatet.

Betre kommunikasjonar førte til at fleire elevar budde heime, og frå 1985 gjekk talet på internatelevar ned. Kapasiteten kunne reduserast. Ein del av elevhyblane vart slegne saman til svært tiltrengte teorirom.



Plate-, sveis- og stålkonstruksjon leigde lokale i tidlegare HSD-terminalen på kaien i Rubbestadneset frå 1985-1987.

4. PERIODEN FRÅ 1993 TIL 2000. NYE UTFORDRINGAR



Rektor Karl Mæland.

Reformtid

I 1993 vart Karl Mæland tilsett som rektor etter Sverre Sætre.

Skulen sine styre og råd var då dei same som oppretta i 1976, men frå 1995 av vart ordningane for styringa av skulen monaleg endra. Skuleutvalet vart avikla i 1995, og frå 1996 vart det oppretta eit nytt, rådgjevande utval som hadde 1 representant frå lærarane, 1 frå elevane, 1 frå andre tilsette, i tillegg til undervisningsinspektør og rektor. Rektor har fått delegert mynde på fleire felt (særleg innan personaladministrasjonen; tilsetjingar m.m.), som før vart tekne i vare av fylkesskulesjefen sine folk i Bergen. Såleis har også dei vidaregåande skulane fått del i det auka lokale sjølvstyret som har vorte utvikla gjennom 1990-åra.

Økonomistyringa vart frå no av i stor grad overteken av skulen. Dette gir høve til ei meir effektiv utnytting av skulen sine resurssar, både med omsyn til økonomi, og personale.

Oppgåver som no er tillagt administrativ ressurs er m.a. verneleiar teneste, biblio-

tekteneste, systemansvar for datautstyret både i administrasjonen, og i undervisninga. Frå 1998 har skulen hatt elevinspektør.

Arbeidet med skulen sin rekneskap og mange av dei administrative rutinane vert no utførte ved hjelp av dataprogram. Administrasjonen sine datamaskinar er kobla til datanettverket i fylkeskommunen, og kontorpersonalet har fått nye, spanande oppgåver innanfor feltet EDB.

Reform 94, og maritim teknisk fagskule

Gjennom skulereforma i 1994 vart talet på grunnkurs redusert frå over 100 på landsbasis, til 13. Dette medfører at Rubbestadnes Yrkesskule no berre har 2 studieretningar på grunnkursnivå: mekaniske fag og elektrofag. Dette er til gjengjeld dei grunnkursane som gir elevane den breiaste basisen for å velja vidaregåande kurs. For å oppretthalda aktiviteten, må ein større del av verksemda på skulen vera vidaregåande kurs, samstundes som det ligg til rette for fleire parallellklassar på grunnkursane.

Vidaregåande liner og kurs har fått nye fagplanar, og nye namn. Skulen har fått lagt om VK II og VK III maskinlinje til 2-

årig maritim teknisk fagskule. Fagskulen gir elevane studiekompetanse, og teoretisk fagkompetanse for å løysa maskinist-sertifikat, heilt fram til maskinsjef.

Status for skulen i år 2000

Frå 1950 og fram til år 2000 har det vore ei enorm teknologisk utvikling. Det er innan elektronikk, og data- og informasjonsteknologien som byggjer på elektronikken, vi finn den mest vesentlege årsaka til utviklinga.

Men annan industriell teknikk har også vorte utvikla, t.d. i samband med oljeutvinninga i Nordsjøen. Utviklinga har sjølvstøtt påverka skulen sine undervisningstilbod, både med omsyn til fag og utstyr.

I skuleåret 1999/2000 har skulen følgjande klassar:

- 3 klassar grunnkurs mekaniske fag
- 2 klassar grunnkurs elektrofag
- 1 1/2 vidaregåande kurs I elektromek. fag
- 1/2 vidaregåande kurs I maskinfag
- 1 vidaregåande kurs I elektrofag
- 1 vidaregåande kurs I sjøfartsfag
- 2 vidaregåande kurs I skipsteknisk drift

- 1 klasse teknisk fagskule 1. året
- 1 klasse teknisk fagskule 2. året



Biblioteket med PC-ar tilknytta internett



Internatet har framleis sin funksjon.

Internatet gjer framleis nytte for seg

Samfunnet har utvikla seg i takt med teknologiutviklinga, når det gjeld levestandard og levesett. Utbygginga av vidaregåande skular i fylket/fylka har ført til at storparten av elevane i yrkesfagleg studieretning sine grunnkurs og vidaregåande kurs I no bur heime. Maskinistklassane, derimot, har meir preg av å vera «landsdelsliner», fordi få skular tilbyr slik utdanning. Det er derfor framleis behov for innkvartering av elevar i internatet, men i mindre grad enn i tidlegare år.

Skulen satsar i aukande grad på å halda kurs utanom «dei ordinære klassane», og kapasiteten for innkvartering i samband med slike kurs, kan vera avgjerande for å få arrangera dei. Internatet er framleis ein viktig integrert del av Rubbestadnes Yrkeskule.

Ombyggingar

Ein del rom i internatet er omgjort til bibliotek, klasserom, grupperom og kontorplass, men det er framleis att 24 elevrom, som no stort sett vert nytta som einerom. Matsal og daglegstove vert

nyttå til kantine, og til matsservering for internat- og hybelbuande elevar.

Verkstadavdelingane er etter kvart i større eller mindre grad vorte omregulerte og ominnreidd for å gi rom til laboratorium og laboratoriestyr.

Praktisk arbeid har i stor grad vorte erstatta av laboratorieøvingar. Gjennom åra har skulen fått moderne laboratoriestyr. Datamaskinar er for lengst blitt vanleg i undervisninga, og skulen har investert store summår i eit moderne, internt datanettverk.



Teorirom nr. 103C



Administasjonsbygget med informasjonstavle over skulen.




Dreining i maskinverkstaden for VKI maskinfag.



Frå motorlaboratorium i sjøfartsavdelinga. (Over)

Overhaling av motor i verkstaden i sjøfartsavdelinga.



Frå Sveiseavdelinga - Numerisk styrt brennemaskin.

Kontor for ein av lærarane. (Under)






Personalet på skulen hausten 2000. Sju ikkje tilstades. (Over)

Skulen har ei fylldig tidskrifts samling i samband med biblioteket.



Ein stasjon av maskinroms-simulator. (Under).

Skulen ønskjer fleire jenter som elevlar. (under til høgre).



PERSONALLISTE FOR RUBBESTADNES YRKESKULE FRÅ 1950 TIL 2000

Namn	Tilsett	Slutta	Stilling/merknader
Aga, Nelly	1989	1992	Reinhaldar
Agasøster, Kjerstin	1985	1987	Reinhaldar
Aksnes, Terje	1968	1975	Kokk
Alfarnes, Elin	1964	1966	Kontorassistent
Alvsvåg, Bjørg Helen	1971	1973	Kjøkenhjelp
Amundsen, Sidsel	1982	1988	Internatassistent deltid
Andersen, Asbjørn	1964	1965	Faglærer i teorifag (vikar)
Andreassen, Tor Arnold	1986	1988	Faglærer i røyrleggjarfag. Studieinspektør 1988
Are, Målfrid	1982	1983	Reinhaldsassistent
Bauge, John Magne	1974	1976	Faglærer i røyrleggjarfag
Baustad, Odd	1972	1975	Faglærer i mekaniske fag
Bekink, Jan Anton	1980	1982	Faglærer i teorifag
Bekink, Marit	1979	1979	Kontorassistent (vikar)
Bergesen, Egil	1975	1977	Faglærer i teorifag
Bergtun, Marit	1970	1971	Kjøkenhjelp
Birkeland, Ingolf	1950	1952	Timelærer i praktisk arbeid for motormekanikarar
Borchsenius, Einar	1975	1976	Timelærer i skipslære i sjøfartsfag
Borgen, Hans	1990	1995	Vakt- og varmemester.
Bratland, Øyvind	1993		Faglærer i elektrofag - permisjon i skuleåret 1999/2000
Bredesen, Kristian	1957	1959	Timelærer i norsk
Brekke, Leiv	1963	1967	Førstelærer
Buvik, Knut	1978	1978	Faglærer i teorifag
Bøe, Lars	1977	1983	Faglærer i mekaniske fag
Dahl, Kjell Kristian	1986		Faglærer i sjøfartsfag
Dikkanen, Hans Kjell	1984	1986	Faglærer i elektrofag
Eide, Anne Marit	1976	1976	Nattevakt
Eik, Årstein	1975	1976	Internat-og fritidsleiar
Endresen, Anfred	1966	1967	Kontorassistent (mellombels)
Engelsen, A.	1958	1958	Timelærer i teori i forskalings- og betongkurs
Ersland, Judith	1981		Kokk - Internatassistent
Ersland, Lars	1981		Kokk - Internatleiar frå 1982.
Ersland, Sverre	1950	1981	Faglærer i mekaniske fag. Avdelingsleiar frå 1968 til 1973
Espeland, Kåre	1981	1981	Faglærer i elektrofag
Esperø, Astri	1995	1999	Reinhaldar
Espevik, Ingebj. Norheim	1996		Faglærer i elektrofag - delstillingar
Farestveit, Knut	1969	1970	Timelærer for tekniske assistentar
Feet, A.	1954	1955	Timelærer i engelsk
Fiskvik, Ingebjørg	1969	1970	Faglærer i norsk og engelsk.
Foldvik, Kjell	1956	1957	Faglærer i mekaniske fag
Folgerø-Holm, Johan	1972	1972	Internat- og fritidsleiar
Folgerø, Marit O.	1978	1981	Kjøkenhjelp
Folgerø-Holm Jan Willy	1969	1970	Timelærer for tekniske assistentar
Fredriksen, Hans P.	1978	1979	Faglærer i teorifag
Fredriksen, Torunn	1981	1984	Timelærer i norsk m/samfunnskunnskap 1980/81 og frå 1982
Fylkesnes, Hans	1978	1984	Faglærer i sveisefag
Fylkesnes, Harald	1968	1970	Faglærer i røyrleggjarfag
Fylkesnes, Torleiv	1984	1988	Faglærer i mekaniske fag.
Færøy, Andreas	1950	1952	Timelærer i motorteori
Gilje, Knut Sveinung	1996	1998	Faglærer i elektrofag
Gilje, Leif Trygve	1988	1990	Faglærer i elektrofag

Gjerde, Karl Henrik	1991		Faglærer i allmenne fag
Gjosæter, Anne K.	1984		Reinhaldar
Gjosæter, Svanhild Aga	1975		Sekretær, deltid
Greibesland, Tore	1989	1990	Timelærer i kroppsøving.
Grimestad, Vilhelm	1963	1966	Faglærer i mekaniske fag
Grindheim, Bryngel	1976	1980	Internatassistent/nattevakt
Grindheim, Jan Harry	1990		Faglærer i mekaniske fag
Grønnevik, Leiv	1973	1998	Faglærer. Hovudlærer frå 1973 til 1988. Vaktmeister frå 1997
Grønås, Ester Waage	1993	1996	Reinhaldar
Grønås, Leif Magne	1985		Faglærer i plate/sveis- og konstruksjonsfag
Grønås, Odd	1979	2000	Faglærer i mekaniske fag og maskinarbeidarfag
Grøteide, Lars	1991	1991	Faglærer allmenne fag
Gåsemyr, Endre	1968	1972	Internat- og fritidsleiar, timelærer i kroppsøving
Gåsland, Birger B.	1975	1976	Kokk
Gåsland, Kåre H.	1993	2000	Faglærer i maskinistskulefag
Gåsland, Peder	1976	1982	Internatassistent/nattevakt
Gåsland, Rune	1994		Faglærer i maskinistfag. Avd.leiar i sjøfartsavdelinga frå 1997
Habbestad, Frøydis	1990	1992	Elevassistent
Habbestad, Inge Håvard	1977	1978	Timelærer i allmenne fag
Habbestad, Svanhild	1973	1974	Kjøkenhjelp
Haga, Finn	1964	1971	Faglærer i kristen- og morallære
Hagland, Turid M.	1967	1968	Kjøkenhjelp
Halderaker, Helge	1967	1996	Faglærer i allmenne fag. Inspektør frå 1977
Haldorsen, Johan	1963	1969	Faglærer for maskinistspirantar
Haldorsen, Magne	1952	1994	Lærer i motorlære til 1961. Kom att i heil stilling frå 1989
Haldorsen, Svend L.	1979	1990	Faglærer i teorifag. Rådgjevar frå 1980
Hallaråker, Karl Johan	1971	1973	Timelærer i kristen- og morallære
Hallaråker, Ragnar	1981	1995	Internatassistent, nattevakt. Elevassistent deltid 1989/90
Halleraker, Tor Gunnar	1993		Faglærer i elektrofag
Hansen, Ann. S. Egenes	1980	1981	Timelærer i norsk m/samfunnskunnskap
Hansen, Walter	1979	1980	Lærer i allmenne fag
Hanøen, Gudrun	1951	1980	Husmor
Hareide, Tordis	1978	1979	Kontorassistent (vikar)
Harkestad, Helge A.	1983	1986	Faglærer i røyrleggjarfag
